



Sjur Kristoffer Dyrkolbotn
Dyrkolbotn 274a
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8225 - 22/92888

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
05.12.2022

Innvilga konsesjon på festegrund - gbnr 246/15/1 Nipen

Administrativt vedtak: Saknr: 1386/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i konsesjonslova § 3 første ledd, jf. § 1, Nipo Kraft AS – org. Nr 985479321 konsesjon til erverv av festegrund på gbnr 246/15/1 Nipen i Alver.


Konsesjonen gjeld festegrund for utbygging av Nipo Kraft AS, med kraftproduksjon som føremål, og leige av fallrettar i fram til 01.01.2060. Festeavgift er kr 20 000 pr. år.

Kopi av vedtaket vert oversendt matrikkelførar, for føring i matrikkelen.

Saka gjeld

Nipo Kraft AS søker konsesjon for festegrund gbnr 246/15/1 i Alver. Overdragar er Sjur Kristoffer Dyrkolbotn. Det er avtalt åreleg festeavgift på kr. 20 000 pr. år.

Arealet er 3754 m² og består av kraftstasjon tomt, fallrett og anna areal. Det er vegrett og leige av fallrett med i overdraginga. Arealet på dette festenummeret var ein del av utmarka til gbnr 246/15, som tidlegare berre omfatta fallretten.



Situasjonsplan. Frå 246/15 til 246/15/1 Situasj

Bakgrunn

- NVE gav konsesjon for bygging av Dyrkolbotn kraftverk i vedtak datert 11.11.2010.2.
- Det er vedteke detaljplan for miljø og landskap av NVE den 19.10.20.3.
- Alver kommune har i vedtak datert 13.07.2021 gjeve dispensasjon frå arealformål i kommunedelplanen for oppføring av Dyrkolbotn kraftverk med tilhøyrande anlegg.
- Alver kommune fatta i sak 333/22 vedtak om arealoverføring, slik at dette festenummeret no omfattar både kraftstasjon og fallrettar.

Festekontrakta har ikkje vore tinglyst tidlegare, men vert konsesjon innvilga vil det gjera det mogleg å tinglysa festekontrakt med Nipa kraft AS som festar. Festet gjeld til 01.01.2060, som er tilsvarande leige av fallrettar frå 247/10.

VURDERING:

I følge Rundskriv M-1/2021 er overdraging av visse rettार, som fallrettar, likestilt med erverv, med utløyasing av konsesjonsplikt etter konsesjonslova § 3. Dette har samanheng med at rettane kan ha verknad som ligg nær ein eigedomsrett, eller at dei kan redusere eigedomen sine bruksmoglegheiter. Rundskrivet seier vidare at konsesjonsplikta ved overdraging av rettane, berre oppstår dersom erverv av dei same rettane ville ha utløyast konsesjonsplikt. Dette vert vurdert å vere situasjonen i gjeldande sak.

Føremålet med ervervet er ikkje landbruksdrift, men kraftproduksjon. Søknaden vert difor ikkje handsama etter § 9 i konsesjonslova («særlige forhold for landbrukseiendommen»), men etter § 1 «lovens formål».

Føremålet med konsesjonslova er å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet. Dette for å tilgodesjå:

1. framtidige generasjoner sine behov.
2. landbruksnæringa.
3. behovet for utbyggingsgrunn.
4. omsynet til miljøet, ålmenne naturverninteresser og friluftinteresser.
5. omsynet til busetjing.

Samfunnet har vesentleg behov for elektrisk kraft, i dag og for framtida. I dette høvet representerer utbygginga ny tilgang på fornybar vasskraft.

Dispensasjon frå LNF-føremålet vart vurdert som ein del av søknad om arealoverføring. Forvaltningspraksis i kommunen har vore å gje dispensasjon når tiltaket er i tråd med konsesjonsvedtaket. Vilråra for å gje dispensasjon vil alltid vera tilstade når det er gjeve konsesjon etter vassresurslova, vassdragsreguleringslova og energilova om tiltaka er i tråd med konsesjonsvedtaket.

Arealet gbnr 246/15/1 ligg i Romarheimsdalen ved Nipen. Planlagt bygging av kraftstasjon og bruk av fallrettane, med tilhøyrande grunn og anlegg, vil ikkje gå ut over landbruket i området rundt. Ulempene ervervet kan medføre, vert ikkje vurdert å vere så store at konsesjon ikkje kan gjevast.

Omsynet til miljøet, ålmenne naturverninteresser og friluftinteresser vart vurdert ved NVE si

handsaming av konsesjonssøknaden. Kommunen legg vurderingane som er gjort gjennom konsesjonshandsaminga til grunn. Der er saka er opplyst og der er naturmangfaldlova kapittel II vurdert. Dette var tilstrekkelig oppdaterte og dekkande for godkjenning av detaljplanen.

Omsyna vert difor vurdert å vere tilstrekkeleg omtalt, og det vert ikkje gjort nærare vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 - 12.

Omsynet til busetjing vert vurdert å ha liten tyding i saka, og vert ikkje omtalt nærare

Omsynet til jordlova.

I § 2 («virkeområde») tredje ledd i lova, går det fram at føresegnene i § 12 ikkje gjeld for tiltak med konsesjon etter energilova, vassressurslova eller vassdragsreguleringslova. Løyve til utbygging av Nipo kraftverk er gjeve etter vassressurslova § 8, og søknaden om konsesjon vert av den grunn ikkje handsama etter jordlova.

Etter ei samla vurdering vert konsesjon innvilga som omsøkt.

Regelverk

Konsesjonslova

Rundsskriv M 1/22 Konsesjon, priskontroll og boplikt frå landbruk og matdepartementet

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/8225»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta
Tenesteleiar

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Nipo Kraft As
Sjur Kristoffer Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 119
Dyrkolbotn 274a

5994 Vikanes
5994 VIKANES